

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Voss Kulturhus
Dato: 15.12.2015
Tidspunkt: 10:00 – 12:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseter	MEDL	SFFK
Marta Finden Halset	LEDER	VIK
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Olav Turvoll	Marta Finden Halset	VIK
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA
Henrik Oppen	Karen Marie Hjelmeseter	SFFK

Merknadar

Hans Erik Ringkjøb var leiar i møtet. Olav Turvoll fungerte som leiar i behandling av sak 29/15 medan Ringkjøb var på eit anna oppdrag.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO, Aurland
Nils Kvamme Naturoppsyn
Veronika Seim Bech Landbrukssjef Vik kommune

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 25/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 26/15	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 27/15	Stølsheimen verneområdestyre - uttale til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde		2015/2121
ST 28/15	Klage på vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - utviding av platting i Finnabotnen		2015/936
ST 29/15	Tiltaksplan 2016 for Stølsheimen landskapsvernområde		2015/3986
DS 8/15	Stølsheimen landskapsvernområde - fornya løyve til transport av materiale med helikopter til Rappen		2015/1776
RS 5/15	Dispensasjon til bygging av dam i Breidalselva i Stølsheimen landskapsvernområde - avgjørelse i klagesak		2013/1592
RS 6/15	Restaurering av sel i Mørkves- Grøndalen - angående endringar i forhold til godkjend teikning		2013/334
RS 7/15	Rapport oppføring av stølshus i Solrenningane		2013/1470

RS 6/15 Restaurering av sel i Mørkves-Grøndalen, angående endringar i forhold til godkjend teikning.

Forvaltar la fram rapport frå arbeidet med restaurering av stølshuset. Verneområdestyret godkjente arbeidet med unntak av kledningen på langveggane. Det skal setjast opp eit ståande bord på begge langveggane i tråd med teikningane for bygget. Visuelt vil bygningen då framstå meir som eit stølshus med skot og innsel. Dette var ein viktig føresetnad for verneområdestyret si godkjenning av tiltaket.

RS 7/15 Rapport oppføring av stølshus i Solrenningane

Forvaltar la fram rapport frå arbeidet med restaurering av stølshuset. Verneområdestyret godkjente arbeidet med unntak av kledningen på langveggane. Det skal setjast opp eit ståande bord på begge langveggane i tråd med teikningane for bygget. Visuelt vil bygningen då framstå meir i tråd med det gamle stølshuset. Dette var ein viktig føresetnad for verneområdestyret si godkjenning av tiltaket.

Driftsbudsjett for verneområdestyre 2016

Driftsbudsjett for Stølsheimen verneområdestyre vart lagt fram på møtet for gjennomgang. Styret hadde ingen merknader til driftsbudsjettet.

Arkivsaksnr: 2015/2121-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 23.11.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	27/15	15.12.2015

Stølsheimen verneområdestyre - uttale til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre støttar framlegg til *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen*. Planen er eit godt planverktøy for å ta vare på leveområda for villreinen i Fjellheimen villreinområde. I planen er det retningslinjer for ferdsel og utbygging i planområdet. Retningslinjene er i tråd med verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde der planområde er samanfallande med landskapsvernomsrådet. I forvaltningsplan for Stølsheimen er omsyn til villrein vektlagt gjennom retningslinjer om at det ikkje bør leggest til rette for auka ferdsel i viktige leveområde for villreinen, og motorferdsel bør haldast på eit lågt nivå for å unngå uro av villreinen.

I handlingsprogrammet er det sett opp tiltak for å styra ferdsel, blant anna sti- og løypeplan i området. Dette er tiltak som vil vera viktig å få gjennomført, både av omsyn til villreinen, og for at tilrettelegging for ferdsel i området kan verta betre.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 15.12.2015

Handsaming i møte

Verneområdestyret støttar framlegg til uttale frå forvaltar.

Uttale

Stølsheimen verneområdestyre støttar framlegg til *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen*. Planen er eit godt planverktøy for å ta vare på leveområda for villreinen i Fjellheimen villreinområde. I planen er det retningslinjer for ferdsel og utbygging i planområdet. Retningslinjene er i tråd med verneforskrifta for Stølsheimen

landskapsvernområde der planområde er samanfallande med landskapsvernområdet. I forvaltningsplan for Stølsheimen er omsyn til villrein vektlagt gjennom retningslinjer om at det ikkje bør leggst til rette for auka ferdsel i viktige leveområde for villreinen, og motorferdsel bør haldast på eit lågt nivå for å unngå uro av villreinen.

I handlingsprogrammet er det sett opp tiltak for å styra ferdsel, blant anna sti- og løypeplan i området. Dette er tiltak som vil vera viktig å få gjennomført, både av omsyn til villreinen, og for at tilrettelegging for ferdsel i området kan verta betre.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde, 07.09.2015
- Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde – utlegging til offentlig ettersyn, Aurland kommune 23.10.2015

Kommunane Voss, Vaksdal og Modalen i Hordaland fylke, og Aurland, Vik og Høyanger i Sogn og Fjordane fylke har i fellesskap utarbeida framlegg til *Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde*. Planområdet omfattar i tillegg areal i Masfjorden kommune, men dette arealet er ikkje med som del av Fjellheimen villreinområde.

Føremålet med kommunedelplanen er å sikra leveområdet og levevilkåra for villreinen i området på kort og lang sikt. Kommunedelplanen skal vera det overordna planverktøyet for kommunane i forvaltninga av villreinstamma, og skal vera styrande for den framtidige arealbruken i området.

Fjellheimen villreinområde har eit teljande areal på 1536 km². Teljande areal er areal over 700 moh. med avvik frå 700 m-koten ved alpinområda i Voss Fjellandsby og Hanguren-Bavallen i Voss kommune, og på strekninga Bøeggi til Storehaug i Vik kommune. Vesentlege deler av villreinområde er verna etter naturvernlova som landskapsvernområde. (Stølsheimen landskapsvernområde vart oppretta i 1990 og Nærøyfjorden landskapsvernområde vart oppretta i 2002). Resterande område er i hovudsak avsett som landbruks-, natur- og friområde i dei ulike kommuneplanane. Unntak er reguleringsplan for Voss Fjellandsby i Myrkdalen og nokre område for hyttebygging i Vik kommune.

Det var politisk vedtak i alle dei 6 aktuelle kommunane om oppstart av planarbeidet i 2008. Kommunane oppretta ei styringsgruppe med politiske representantar frå alle 6 kommunane. Voss kommune har hatt sekretærfunksjonen for planarbeidet. Dei respektive fylkesmennene, Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og Fjellheimen villreinutval har hatt møte- og talerett i styringsgruppa. Siste året har verneområdeforvaltar for Stølsheimen og Nærøyfjorden delteke på møta.

I samband med planarbeidet er det utarbeid to rapportar som ligg som fagleg grunnlag for planen (NINA Rapport 411-2008 og NINA Rapport 920-2013) I rapportane er det med vurderingar av konsekvensane av ulike utbyggingstiltak på Vikafjellet. På

bakgrunn av kunnskapen om området er det utarbeidd føresegner og retningslinjer for arealbruk. Planen inneheld i tillegg handlingsprogram og temakart.

Alle kommunane med areal i Fjellheimen villreinområde har gjort vedtak om å leggja planframlegget ut til offentleg ettersyn. Frist for å koma med innspel til planframlegget er 31.12.2015.

Vurdering

Villrein i Norge er ein del av den europeiske villreinbestanden, og villreinen er rekna som norsk ansvarsart. Ulike arealinngrep som vegar og vassdragsreguleringar har ført til oppsplitting av villreinen sine leveområde. Dei største utfordringane for å sikra leveområde for villreinen er knytt til utbygging og aktivitet i randsonene og hovudtrafikkårene gjennom villreinområda. I Fjellheimen villreinområde er trafikk på Vikafjellsvegen, hyttebygging i området og utbygging i randsonene den aktiviteten som har størst påverknad på leveområde til villreinen. Den interkommunale kommunedelplanen vil vera eit viktig verktøy for kommunane i arbeidet med å ta vare på leveområda for villreinen i Fjellheimen.

I planen er det retningslinjer for ferdsel og utbygging i planområdet. Retningslinjene er i tråd med verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde der planområde er samanfallande med landskapsvernområdet. I forvaltningsplan for Stølsheimen er omsyn til villrein vektlagt gjennom retningslinjer om at det ikkje bør leggest til rette for auka ferdsel i viktige leveområde for villreinen, og motorferdsel bør haldast på eit lågt nivå for å unngå uro av villreinen.

I handlingsprogrammet er det sett opp tiltak for å styra ferdsel, blant anna sti- og løypeplan i området. Dette er tiltak som vil vera viktig å få gjennomført, både av omsyn til villreinen, og for at tilrettelegging for ferdsel i området kan verta betre.

Arkivsaksnr: 2015/936-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 25.11.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	28/15	15.12.2015

Klage på vedtak - Stølsheimen landskapsvernomsråde - utviding av platting i Finnabotnen

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre kan ikkje sjå at det er kome fram nye opplysningar i saka. Klagen vert ikkje tatt til fylgje, og vedtak i sak 23/15, 05.10.15 vert oppretthalde.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 15.12.2015

Handsaming i møte

Klagen vart diskutert i møte. Verneområdestyret opprettheld vedtaket. Søkjar kan koma med ny søknad der tiltaket er betre tilpassa kulturlandskapet i Finnabotnen. Vedtaket var samrøystes.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre kan ikkje sjå at det er kome fram nye opplysningar i saka. Klagen vert ikkje tatt til fylgje, og vedtak i sak 23/15, 05.10.15 vert oppretthalde.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Findebotten AS om løyve til å forlengje flytebyggja i Finnabotnen, og å utvida plattingen framfor gjestehuset i Finnabotnen, datert 22.08.15
- Vedtak Stølsheimen verneområdestyre sak 23/15, 05.10.15

- Findebotten AS - Klage på avslag om bygging av treplattung, Advokatfirmaet Tollefsen AS, 05.11.15

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Skjøtselsplan for Finnabotnen, rapport nr. 4 – 2003 (*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Findebotten AS klagar på avslaget om å få utvida treplattingen i Finnabotnen. Stølsheimen verneområdestyre fatta fylgjande vedtak i møte i Stølsheimen verneområdestyre 05.10.15 sak 23/15;

«Utviding av plattung på gnr. 67 bnr. 1

Stølsheimen verneområdestyre gjev avslag på søknad om utviding av plattung framfor gjestehuset på gnr. 67 bnr. 1 i Finnabotnen. Avslaget er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 og verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde».

Sekretariatet for Stølsheimen verneområdestyre mottok erklæring om klage på vedtaket frå Advokatfirmaet Tollefsen AS innan klagefristen på 3 veker. Klagen var sendt på vegne av Findebotten AS. Klagar fekk frist til 5. november 2015 til å koma med utfyllande klage. Utfyllande klage kom til sekretariatet innan fristen.

Findebotten AS beklagar at det ikkje vart søkt verneområdestyret om dispensasjon til tiltaket før arbeidet vart gjennomført. Klagar er usamd med verneområdestyret i at treplattingen endrar kulturlandskapet i så stor grad at det gjev grunnlag for å avslå søknaden i medhald av verneforskrifta. Vidare vert det påpeika at tilrettelegging av ein god og romsleg uteplass med utsikt over fjorden, er heilt sentralt for drifta av gjestehuset i Finnabotnen. Klagar meiner det må reknast som vanleg at gjestehus/hotell har relativt store plattingar og tilrettelagte uteområde, også i naturområda. Klagar ber om at vedtaket vert gjort om, og at det eventuelt vert sett vilkår om tilplanting eller andre avbøtande tiltak. Findebotten AS oppfattar vedtaket i verneområdestyret som svært næringsfientleg.

Vurdering

Forvaltar kan ikkje sjå at det er kome nye opplysningar i saka. Forvaltar meiner det nye tiltaket med utviding av plattingen endrar vesentleg på tunet i Finnabotnen frå det utgangspunkt at det var eit gardstun i eit kulturlandskap. Når tunet vart utvida i 2009 var det lagt ned ei vurdering om kva som var ei god utforming av tunet. Tiltaka fekk ei heilskapleg vurdering av kva som ville gje eit godt visuelt inntrykk av kulturlandskapet og tunet i Finnabotnen. Plattingen som vart gjeve løyve til skulle falla inn i terrenget. Forvaltar meiner tunplanen frå sist utviding gjev ei grunding og god vurdering av heilskapen av tunet som del av kulturlandskapet i Finnabotnen, og ser difor ikkje grunnlag for å endra på planen som var godkjent i 2009.

Klagar meiner utviding av plattingen er avgjerande for drifta av gjestehuset, og at verneområdestyret er næringsfientleg når dei ikkje gjev løyve til tiltaket. Verneområdestyret har imøtekome søknad frå Findebotten AS om å leggja ut og utvide flytebyggja i Finnabotnen. Det er gjeve løyve til dette tiltaket for å det skal vera mogleg å ta imot gjester og drive næringsverksemd i Finnabotnen. Styret er positivt til næringsaktivitet i Finnabotnen i tråd med rettningslinjene i skjøtselsplanen for

Finnabotnen som seier at «*Eit mål for utvikling av Finnabotnen bør vera utvikling av næringsverksemd som er i tråd med verneforskrift og innanfor formålet med verneområdet og samstundes gir økonomisk dekning for eller bidrag til skjøtselsarbeidet*».

Konklusjon

Etter ny gjennomgang av saka, kan forvaltar ikkje sjå at det har kome fram nye opplysningar i klagen som gjer at vedtaket i Stølsheimen verneområdestyre 05.10.2015 bør endrast. Forvaltar rår til at vedtaket i sak 23/14 vert oppretthalde.

Arkivsaksnr: 2015/3986-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 17.11.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	29/15	15.12.2015

Tiltaksplan 2016 for Stølsheimen landskapsvernrområde

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram til drøfting i møte.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 15.12.2015

Handsaming i møte

Forvaltar, SNO og Nils Kvamme orienterte om gjennomførte tiltak i 2015, og kom med framlegg til tiltak for 2016. Styret diskuterte tiltaksplan for 2016 som var lagt fram i saka. Tiltak i planen vart sett opp i prioritert rekkefylgje. Tiltaksplan med endringar vart samrøystes godkjent.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre legg fram fylgjande tiltaksplan for 2016 (kostnadane er eksklusiv mva):

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidlar	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2016	Periode	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsveggar. Stølar: Negardstølen, 2014 - 2016 Rotteskaret, 2014 - 2016 Smørklepp, 2016 Sylvarnesdalen, 2016 Rosete og Fossesete, 2016 Finnafjorden, 2016 Vatnane, 2016 Hest, 2016	Prosjektlear/ grunneigar/SNO	160 000	2016	1

Kulturlandskap i Finnafjorden, 2016				
Stølsvegar: Tenne - Fossesete, 2016 Finden - Fagerdalen, 2016				
Muring stølsvegane Rosete og Fossesete	SNO/grunneigarane	40 000	2016	2
Evaluering skjøtselstiltak på stølar	Fagrapport	30 000	2016	3
SUM		230 000		

Bestillingsdialog personalressurs SNO	Periode	Prioritet
Overvåking av spreing av gran i Finnafjorden, Ortnevik og Arnafjorden	2016	1
Tilsyn med status for vernegrenseskilt	2016	1

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2015-2020
- Innmelding av behov for tiltaksmidlar, og bestillingsmøter mellom nasjonalpark-/verneområdestyrer og Statens naturoppsyn lokalt, Miljødirektoratet 10.11.2015

Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidlar; «Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal samen med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiane ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosystema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Verneområdestyre skal utarbeida tiltaksplan for 4-års perioden styret er valt for. Det skal vera årleg evaluering av tiltaksplan. Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplanen for Stølsheimen og tilhøyrande skjøtelsplanar. Fagleg rådgjevande utval (FRU) for Stølsheimen, administrativt kontaktutval og SNO skal vera med i utarbeidinga av tiltaksplanen. I sak 26/14 vedtok verneområdestyret ein tiltaksplan for 2015 og 2016 med bakgrunn i evaluering av gjennomførte tiltak i 2013 og 2014, og framlegg til tiltak i bestillingsdialogen for 2015.

Tiltaksplanen er grunnlaget for bestillingsdialogen med SNO, og innmelding av behov for tiltaksmidlar for 2016 til Miljødirektoratet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, jf. budsjettpost 1420.31, og kan gå til tiltak som er naudsynte for å ivareta verneformålet. Tiltaka kan vera informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og kjøp av naudsynt utstyr for å gjennomføra tiltaka. Forvaltningsstyresmakta skal sjølv disponera og prioritera kven som sal gjennomføra tiltaka. SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda.

I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvåking av naturtilstand.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 8. januar 2016.

Vurdering

Forvaltar legg fram forslag til tiltak i 2016 på bakgrunn av tiltaksplan for 2015 til 2016, evalueringsmøte med SNO av gjennomførte tiltak i 2015, og framlegg til nye tiltak frå grunneigarar og andre. Styret må gå gjennom innspela og prioriterer tiltaka.

Strategi for bruk av tiltaksmidlar gjev føringar for prioritering av bruk av tiltaksmidlar i verneområda. For Stølsheimen er det særleg skjøtselstiltak og tilretteleggingstiltak som er aktuelle. Pågåande skjøtelsprosjekt har prioritet 1, og tiltak i område som er akutt trua og med behov for skjøtsel har prioritet 2.

For besøksforvaltningstiltak har ferdigstilling av prosjekt som er starta opp og som er naudsynte for å ivareta verneføremålet prioritet 1. Tiltak som er lagt inn i besøksstrategien i forvaltningsplanar har prioritet 2.

Trong for midlar til vedlikehald av informasjonsmateriell, skilting m.m. kan meldast inn i tillegg. All informasjon om verneområda som vert finansiert med tiltaksmidlar skal vera i tråd med ny merkevare for verneområde. For alle tiltaka skal det leggjast vekt på; kostnadseffektivitet, samfinansiering med andre aktørar, prosjekt som involvera/drivast med dugnadsinnsats av grunneigarar, frivillige lag og foreiningar.

Ut frå erfaringar med tiltak i verneområda er det gjeve føringar på at større tiltak skal ha planavklaringar før tiltaka vert meldt inn. Det kan tildelast tiltaksmidlar til forprosjektering. Det kan brukast tiltaksmidlar på tiltak utanfor verneområde der tiltak både innafor og utafor verneområde er viktig for å ta vare på verneverdiane.

På bakgrunn av tiltaksplan som er utarbeidd for Stølsheimen, forvaltningsplanprosessen, og føringar i strategi for bruk av tiltaksmidlar, legg forvaltar fram fylgjande innspel til tiltaksplan for 2016:

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidlar	Samarbeidsaktørar	Kostnad 2016	Periode	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsvegar. Stølar: Negardstølen, 2014 - 2016 Rotteskaret, 2014 - 2016 Smørklepp, 2016 Sylvarnesdalen, 2016 Rosete og Fossesete, 2016 Finnabotnen, 2016 Vatnane, 2016 Hest, 2016 Stølsvegar: Tenne - Fossesete, 2016 Finden - Fagerdalen, 2016	Prosjektleiar/ grunneigar/SNO	160 000	2016	
Evaluering skjøtselstiltak på stølar	Fagrapport	30 000	2016	
Muring stølsvegane Rosete og Fossesete	SNO/grunneigarane	40 000	2016	
SUM		230 000		

Bestillingsdialog personalressurs SNO	Periode	Prioritet
Overvåking av spreiring av gran i Finnafjorden, Ortnevik og Arnafjorden	2016	1
Tilsyn med status for vernegrenseskilt	2016	1